**2022/EØS/61/66**

# AVGJERD I EØS-KOMITEEN nr. 154/2022

**av 29. april 2022**

**om endring av vedlegg XI til EØS-avtala (Elektronisk kommunikasjon, audiovisuelle tenester og informasjonssamfunnstenester)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

1) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2021/1878 av 25. oktober 2021 om utpeiking av registereininga for toppnivådomenet .eu([1]) skal takast inn i EØS-avtala.

2) Vedlegg XI til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg XI til EØS-avtala, etter nr. 5oad (delegert kommisjonsforordning (EU) 2020/1083), skal nytt nummer lyde:

"5oae. **32021 D 1878**: Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2021/1878 av 25. oktober 2021 om utpeiking av registereininga for toppnivådomenet .eu (EUT L 378 av 26.10.2021, s. 22)."

*Artikkel 2*

Teksta til gjennomføringsavgjerd (EU) 2021/1878 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 30. april 2022, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn([*]).

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen.*

Utferda i Brussel 29. april 2022.

For EØS-komiteen

***Nicolas von Lingen***

Formann

([1]) TEU L 378 av 26.10.2021, s. 22.

([*]) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.